

– Viktig for å kunne rekruttere arbeidskraft

Hornindal Rekneskap AS har fusjonert med Vekstra Fjord Rekneskap AS. Det nye selskapet beheld kontora både i Stryn og Hornindal, men begge stader i nye lokale.



Nye lokale: Avdelinga i Hornindal har flytta inn i nye, oppgraderte næringslokale på Grodås. F.v. Rasmus Sætren, Daniel Lødemel, Bodil Tvinnereim, Camilla Gjelsv, Linda Mari Tvinnereim, Marianne Skåre og Knut-Henning Hjellbakk. FOTO: HR

Gunnhild Sindre

Oppdatert: 4 timer siden

Hornindal Rekneskap AS har fusjonert med Vekstra Fjord Rekneskap AS. Det nye selskapet beheld kontora både i Stryn og Hornindal, men begge stader i nye lokale.

Vekstra Fjord Rekneskap AS med kontor på Nordfjordeid, Sandane, Valldal og i Ulsteinvik er det overtakande selskapet, og det nye selskapsnamnet vert ØkoRåd Fjord AS.



Etter fusjonen vil det vere om lag 32 tilsette i heile selskapet.

I Stryn og Hornindal

Selskapet sitt mål er halde fram med å vere desentralisert. Framleis kontordrift i Hornindal og Stryn var ein føresetnad for fusjonen.

– Kvifor har Hornindal Rekneskap AS valt å fusjonere?

– Det er viktig med tanke på å kunne rekruttere arbeidskraft. Fusjonen gjer oss større, og forhåpentlegvis meir attraktiv blant moglege arbeidstakarar seier Rasmus Sætren, dagleg leiar ved avdelinga i Hornindal.



Rekruttering: – Fusjonen gjer oss større, og forhåpentlegvis meir attraktiv blant moglege arbeidstakarar seier Rasmus Sætren, dagleg leiar ved avdelinga i Hornindal.

FOTO: ØRF

– Det er også viktig for oss å ha kompetansearbeidsplassar lokalt, slik at ein er med på å bygge opp attraktiviteten til å busetje seg i Nordfjord. Fusjonen vil også skape større moglegheiter for kundane og for kontoret vårt. Vi vil også verte langt mindre sårbare ved endring i personalet.

Nye lokale

Begge kontora har teke i bruk nye lokale. Strynekontoret held no til i lokala til Stryn Næringshage. Der er det to tilsette som har sin arbeidsplass.



I Stryn: Ivar Paulsen og Johnny Hjelle held til i lyse og rommelege lokale hos Stryn Næringshage. FOTO: GUNNHILD SINDRE



Hornindalskontoret har flytta til nyoppussa lokale i andre etasje i Spar-bygget på Grodås.

– Eigar Frode Grodås har gjort ei stor oppgradering i 2. etasje på bygget. Lokala er tilrettelagde for verksemda vår, og her er blitt riktig fint, seier Rasmus Sætren, dagleg leiar ved avdelinga i

Hornindal.